



Fylkesmannen i  
Hordaland

# Årsmelding 2004



# Innhald

<b>Føreord</b>	2	<i>Barn, oppvekst og utdanning</i>	11
<b>Økonomiske rammer og administrative føringar</b>	3	Strategiplan for barn og unges psykiske helse	11
<i>Leiing</i>	3	Rettstryggleik for barn i institusjonar	11
<i>Budsjett</i>	3	Barnehageutbygging i 2004	12
<i>Saksbehandlingstid, systematisk samanlikning og andre forvaltningsoppgåver</i>	3	Oppfølging av nasjonale mål for grunnopplæringa	12
Klagesaker etter plan- og bygningslova	3	Tilsyn med heimel i Opplæringslova	12
Klagesaker etter sosialtenestelova	3	Tilsyn med heimel i Friskulelova	13
Klage- og tilsynssaker etter helselovene	4	Opplæring innanfor kriminalomsorga	13
Klagesaker etter opplæringslovverket	4		
Fri retts hjelp	4	<i>Regional planlegging og arealpolitikk</i>	14
Trudomssamfunn	4	Overføring av oppgåver til kommunane	14
Stiftingar	4	Flest motsegner mot ulovleg bruk av strandsona	14
		<i>Naturressursforvaltning – miljø og landbruk</i>	15
<i>Andre administrative føringar</i>	5	Folgefonna nasjonalpark	15
Personalpolitikk	5	Verneområde og utvida skogvern	15
Fylkesmennenes regionale informasjonsnett (FRI)	5	Vern av villaksen	16
Informasjonstryggleik	5	Dokumentasjonen av biologisk mangfald og geografiske miljødata	16
Nettbasert informasjon	5	Landsdekkjande kontrollaksjonar	16
Likestilling	5	PCB og andre miljøgifter	17
Oppfølging av brukarundersøking	5	Kulturlandskap og bioenergi	17
Grøn stat	6		
Beredskap mot akutt forureining	6	<i>Utvikling og verdiskaping</i>	18
Oppgåver på vegne av Kongehuset med meir	6	Vi satsar på mjølk	18
		Småskala reiseliv	19
<b>Politiske føringar</b>	7	Ungt entreprenørskap	19
<i>Samordning og kommuneøkonomi</i>	7	Inn på tunet	19
Store underskot i kommunane	7	Eg fann, eg fann	19
		Matfestival og lokale merkevarer	19
<i>Velferd, helse og personretta tenesteyting</i>	8	Geografiske informasjonssystem (GIS)	19
Tilsyn med fødeinstitusjonar	8		
Tilsyn med helsetenester til asylsøkjjarar, flyktningar og familiesameinte	8	<i>Samfunnstryggleik og beredskap</i>	20
Tiltaksplan mot fattigdom og Handlingsplan mot rusmiddelproblem	8	FylkesROS	20
Tilsyn med sosiale tenester etter sosialtenestelova til rusmiddelmissbrukarar	9	Beredskapsomsyn i samfunnsplanlegginga	20
Samordning av Aetat, trygdeetat og sosialteneste	9	Beredskapsøvingar	20
Helsefremjande og førebyggjande tiltak	9	Flodbølgjekatastrofen i Asia	20
Opptappingsplanen for psykisk helse	10		
Rekruttering for betre kvalitet	10		

# Føreord



Fylkesmann Svein Alsaker

**A** rsmeldinga frå Fylkesmannen i Hordaland viser breidde og variasjon i oppgåvene for eksempel klagesaksbehandling, direkte utøvande forvaltningsmynde, tilsyn og kontroll.

Embetet legg stor vekt på kvalitet i saksbehandlinga og kort saksbehandlingstid. Det er viktig at brukarane opplever at det er tilfelle.

Fylkesmannsembetet er eit informasjonspunkt og arrangerer årleg over 60 konferansar og seminar for kommunar, institusjonar, friviljuge organisasjonar og andre.

Fylkesmannen har eit særlig samordningsansvar for all offentleg forvaltning i fylket. Gjennom kommunemøte, regionmøte, konferansar, seminar og regionalt statsettleiarforum i Hordaland utøver vi dette ansvaret på ein aktiv måte. For den statlege samordninga er det ein føremun at helseavdelinga og utdanningsavdelinga frå å vere sjølvstendige statsetatar blei integrerte i fylkesmannsembetet frå 2003.

Av spesielle hendingar embetet var involvert i, nemner vi Rocknesulukka, nestenulukka med gass-tankaren Marte og flodbølgekatastrofen i Asia. I alle desse hendingane kom det til nytte at beredskapsaktørane i Hordaland er samkøyrde og godt kjende frå det løpande beredskapsarbeidet.

Årsmeldinga ligg føre både i internett- og papirutgåve.

Bergen, 1. mars 2005

A handwritten signature in blue ink that reads "Svein Alsaker". The signature is written in a cursive, flowing style.

Fylkesmann Svein Alsaker

# Økonomiske rammer og administrative føringar

## Leing

Fylkesmann Svein Alsaker  
Assisterande fylkesmann Johan B. Synnevåg  
Administrasjonssjef Ingeborg Aasbø  
Fylkeslege Helga Arianson (Svein Hindal 1.  
september – 15. desember)  
Landbruksdirektør Ole Bakkebø  
Miljøvernssjef Terje Aasen  
Utdanningsdirektør Kjellbjørg Lunde  
Avdelingsdirektør for Justis- og forvaltningsavdelinga  
Paul Kløvrud

## Budsjett

Fylkesmannen i Hordaland  
har følgd slikt budsjett for 2004:

Kap. 1510	Post 01	Driftsutgifter	kr 68 111 000
Kap. 1510	Post 21	Spesielle driftsutgifter	kr 67 000
Kap. 4510	Post 01	Inntekter ved oppdrag	kr 67 000
Kap. 4510	Post 02	Tilfeldige inntekter	kr 980 000

Fylkesmannen løyste i 2004 embetets oppgåver innan den tildelte budsjetttramma. Effektivisering av tilsynsarbeidet var svært aktuelt i samband med nedskjering på budsjettet. I samband med nytt Reglement for økonomistyring i staten starta vi ein gjennomgang og ei justering av interne kontrolltiltak og interne instruksar og rutinar.

## Saksbehandlingstid, systematisk samanlikning og andre forvaltningsoppgåver

### Klagesaker etter plan- og bygningslova

I 2004 avgjorde Fylkesmannen 387 klagesaker etter Plan- og bygningslova. Dette er ein liten nedgang i høve til 2003, då tilsvarande tal var 420. Klagar over utbyggings- og reguleringsplanar og saker som gjeld dispensasjon frå § 17-2 (strandsona) og arealplanar er ikkje medrekna. Saksbehandlingstida på slutten av året var 12 veker. Lovnaden i sørviserklæringa er på tre månader, men seks veker når klagen har fått utsett iverksetjing.

Fylkesmannen har god kontakt med planforvaltninga i kommunane. I oktober arrangerte vi saman med Hordaland fylkeskommune ein plankonferanse for politisk leing og saksbehandlarar i kommunane.

### Klagesaker etter sosialtenestelova

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for sosialklagesakene i Hordaland var 56 dagar frå klagen kom til vedtaket gjekk ut. Det var ein liten nedgang i høve til året før. I alt blei 366 klagar (64 %) behandla innan to månader, og 531 klagar (93 %) innan tre månader. Saksbehandlingstida endra seg slik i løpet av året: 50 dagar i første tertial, 62 dagar i andre tertial og 55 dagar i tredje tertial.

## Klage- og tilsynssaker etter helselovene

Sjølv om Helsetilsynet i Hordaland hadde ein auke i saksmengda på omlag 50 % i 2004, blei klagane på manglande oppfyljing av pasientrettar (52 saker) behandla innan to månader, medan gjennomsnittleg saksbehandlingstid for tilsynssaker (115 saker) var på vel fire månader. Dette var i samsvar med oppdraget frå overordna instans.

Fylkesmannen behandla 107 klager på vedtak om tvangsbehandling etter Lov om psykisk helsevern, og alle sakene gjaldt tvangsmedisinering. Dette er ein nedgang i høve til dei to føregåande åra.

## Klagesaker etter opplæringslovverket

Fylkesmannen fekk 351 klager som gjaldt grunn-skulen. Dei fleste gjaldt klage på standpunktkarakterer (157), spesialundervisning (79) og skyss (66). Også av klagane i vidaregåande skule gjaldt 18 av 32 spesialundervisning. Åtte klagar gjaldt forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i høve til offentlege tilskot. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var fire veker.

## Fri rettshjelp

Fylkesmannen behandla 2 935 saker om godkjenning av arbeidsoppgåver og søknader om fritt rettsråd. I tillegg blei det behandla 165 søknader om fri sakførsel. I nokre av sakene kom det tilleggssøknader om fleire timar for fritt rettsråd eller sakførsel.

Det kom inn 520 tolkerekingar og arbeidsoppgåver frå tolk. Saksbehandlingstida for saker som gjaldt fritt rettsråd (arbeidsoppgåver), var i nokre periodar lenger enn det som var lova i sørviserklæringa. Årsgjennomsnittet var 1 1/2 - 2 månader. Søknader om fri sakførsel blei behandla innan tre veker.

I samband med sakene om fri rettshjelp er det brukt mykje tid til rettleiing av publikum og advokatar. Fylkesmannen innskjerpa i 2004 rutine og krava til dokumentasjon ved innsending av arbeidsoppgåver og søknader i rundskriv til alle advokatane i fylket. Overfor nokre advokatar skjerpa Fylkesmannen kontrollen og stilte nye krav om dokumentasjon for oppgjeve timetal i arbeidsoppgåver og søknader.

## Trudomssamfunn

Ved årsskiftet hadde Hordaland 47 registrerte og fem uregistrerte trudomssamfunn. I 2004 blei det registrert tre nye, medan eitt blei sletta frå registret. Fylkesmannen løyvde 3 574 330 kroner til 42 trudomssamfunn med i alt 12 973 medlemmer. Vi gjennomførte tilsyn med fire av dei registrerte trudomssamfunna. Det blei kontrollert at dei godkjende forstandarane gjorde oppgåvene sine i samsvar med lova. Det blei ikkje avdekt manglar ved oppfyljing av lovkrava.

## Stiftingar

Det blei registrert 40 nye stiftingar i 2004. 68 søknader om omdanning blei behandla. Vi tok i mot 678 stiftingsrekneskap. Ingen av stiftingane er vurdert granska. Frå 1. januar 2005 gjeld ei ny stiftingslov. Med den nye lova blei fylkesmannen sine oppgåver overførte til Lotteri- og stiftingstilsynet, herunder eit sentralt stiftingsregister i Førde. Seinast innan to år skal alle stiftingar vere innmelde i det nye registeret. Inntil det skjer, skal endra opplysningar meldast og godkjennast av fylkesmannen.

## Andre administrative føringar

### Personalpolitikk

Som ei oppfølging av integreringa av fylkeslege og utdanningskontor i fylkesmannsembetet har det vore viktig å setja fokus på organisasjonsbygging og utvikling av fellesskapskjensle.

I samarbeid med organisasjonane er det utarbeidd ein heilskapleg lønnspolitikk. Arbeidet med å nå måla i avtalen om inkluderande arbeidsliv held fram i nært samarbeid med Arbeidslivssenteret i Hordaland. Sjukefråveret gjekk ned frå 4,6 % i 2003 til 3,2% i 2004.

### Fylkesmennes regionale informasjonsnett (FRI)

Fylkesmannen har oppretta eit nytt internett-samband (FRI), oppgradert e-postsystemet til Exchange 2003 og etablert VPN-kommunikasjon mot fylkesmennes regionale informasjonsnett.

### Informasjonstryggleik

Fylkesmannen i Hordaland endra i 2004 tryggleiksarkitekturen med utgangspunkt i det gjennomførte pilotprosjektet for informasjonstryggleik som er utprøvd i Vest-Agder. Det er gjennomført ei risikovurdering av den tekniske løysinga. Nødvendige tiltak er implementerte for å kunna ivareta ei sikker behandling av personsensitive data i den elektroniske arkiv- og saksbehandlinga.

### Nettbasert informasjon

Massemedia i Hordaland brukar ofte nettstaden vår som grunnlag for oppslag. I 2004 gjorde vi tilsynsrapportane allment tilgjengelege i ein eigen tilsynskatalog, og frå hausten kunne vi tilby brukarane direkte kurspåmelding på nettet. Fylkesmannen i Hordaland fekk fem stjerner og blei rangert som nr. 23 av 700 offentlege nettstader i Kvalitet 2004.

Fylkesmannen i Hordaland har også i 2004 prioritert utviklinga av inter- og intranetttilbodet. I 2004 blei nettredaktørstillinga auka frå 20 til 50 %. I tillegg til ein sentral redaksjon på fire er det etablert nettredaksjon på kvar avdeling. Mens vi i 2003 prioriterte kompetanseutvikling, prioriterte vi i 2004 utvikling av biletarkivsystem og ein eigen grafisk profil. Gjestetal våren 2004 og nyhendeoppslag tre veker i september viste at nettstaden vår var ein av dei best oppdaterte og mest brukte av fylkesmennes sine nettstader dette året. I alt hadde vi 381 oppslag på hovudsida. Alle avdelingane og fagområda var representerte. Rapportar frå tilsyn med verksemdar under helse, miljø, utdanning og beredskap blir systematisk publiserte på internett.

### Likestilling

54 % av dei tilsette er kvinner og 46 % er menn. Fylkesmann og assisterande fylkesmann er menn. Fylkesmannen har fem fagavdelingar og tre stabseiningar. Administrasjonssjef og to avdelingsleiarar er kvinner. Likestillingsaspektet blir alltid vurdert i samband med rekruttering. Gjennom den lokale lønnspolitikken prøver vi å motverka kjønnsbaserte lønnsforskjellar. I dei ordinære lokale lønnsforhandlingane i 2004 gjekk 56 % av lønsspotten til kvinner. Fylkesmannen i Hordaland har laga eigen rapport om likestillingsarbeidet i 2004 i samsvar med krava i Likestillingslova.

### Oppfølging av brukarundersøking

Brukarundersøkinga i 2003 tok opp spørsmål om kontakt, tilgjenge, sørvis, handlingstid, saksframstilling, fagkompetanse, sørviserklæring og informasjon. Når det gjeld den generelle oppfatninga av kor tilfredse kommunane er med tenestene, ligg scoren for Fylkesmannen i Hordaland på 69 %. Saka er drøfta i leiargruppa og i møte med kommunane. I 2004 har vi lagt særleg vekt på å redusera saksbehandlingstida, og det er sett inn ekstra ressursar der det har vore nødvendig.

## Grøn stat

Det er installert fjernvarme i Statens Hus, eit tiltak for å integrera miljøomsyn på driftssida. Vidare er det stilt krav til ISO-sertifisering på miljø ved innhenting av anbod på hotellavtalar.

## Beredskap mot akutt forureining


Fylkesmannen deltok i ein statleg aksjon etter forliset av Rocknes og to kommunale aksjonar, ein ved fjerning av 400 m<sup>3</sup> fiskeavfall frå eit gammalt tankanlegg i Kvinnherad og ein ved fjerning og hogging av eit skipsvrak i Øygarden.

Rocknesaksjonen var ressurskrevjande både i akuttfasen og gjennom oppreinskinga etterpå. På oppdrag frå Kystverket utførte Fylkesmannen ei fagleg vurdering av skadeomfanget på sjøfugl etter forliset.

## Oppgåver på vegne av Kongehuset med meir

Fylkesmannen er Kongens representant i fylket, og i 2004 hadde vi tre besøk av Kongehuset. Fylkesmannen førebur saker for Kongens fortjeneste-medalje og gjev innstilling til Kongen i desse sakene. Det blei delt ut 14 gullmedaljar og 23 sølvmedaljar i 2004. Fylkesmannen delte sjølv ut alle gullmedaljene og nokre av sølvmedaljene.

Fylkesmannen organiserte og følgde Høgsterett på eit tre dagars besøk i fylket.



Gråmåse med oljesøl frå Rocknes

Foto: Ingvar Grastveit

# Politiske føringar

## Samordning og kommuneøkonomi

---

*Fylkesmannen har nær kontakt med kommunane, særleg når det gjeld opppfølgning av budsjett og økonomiplanarbeid. Samla underskot for kommunane i Hordaland var på 1 121 millionar kroner ved inngangen til 2004. Ti kommunar er oppførte i Register for betinga godkjenning og kontroll (ROBEK). Det er like mange ved inngangen og utgangen av 2004.*

**F**or å ivareta rolla som sentralt samordningsorgan er det etablert eit regionalt statsetatsleiarforum i Hordaland. Forumet hadde tre møte i 2004. Fylkesmannen og dei regionale statsetatane arrangerte i tillegg eit to dagars møte med ordførarar og rådmenn i fylket, der også statsrådene Solberg og Meyer og leiar av distriktskommisjonen, Barlindhaug, deltok.

Fylkesmannen orienterte kommunane om konsekvensane av statsbudsjett og revidert statsbudsjett per brev og e-post straks denne informasjonen var offentlig. Alle kommunane fekk skriftleg tilbakemelding på sine budsjett og økonomiplanar, men legalitetskontroll blei berre gjennomført for dei kommunane som er oppførte i ROBEK. Denne praksisen er ressurskrevjande, men gjev Fylkesmannen god kjennskap til den økonomiske utviklinga av kommunane.

### Store underskot i kommunane

Ved inngangen til 2004 stod ti kommunar i ROBEK. Mange slit med å betala ned akkumulert underskot innan fristen i kommunelova. Vi har prioritert oppfølging av desse kommunane, og brukar mykje av rådgjevarressursane våre på dette. Ved inngangen til 2005 står framleis ti hordalandskommunar i ROBEK.

Samla underskot for kommunane i Hordaland var på 1 121 millionar ved inngangen til 2004. Av dette hadde Bergen åleine eit underskot på 895 millionar. Samla lånegjeld utan pensjon var 9 037 millionar. Det ligg ikkje føre endelege tal for 2004, men vi har fått signal om at situasjonen ikkje blei vesentlig betra i løpet av året. Tett oppfølging av ROBEK-kommunar må framleis prioriterast høgt.

Ordinært skjønstilskot for 2004 blei fordelt med ei ramme på om lag 160 millionar. Av dette sette vi av to millionar til interkommunale samarbeidstiltak. Vi har gitt tilskot til åtte ulike prosjekt.



## Velferd, helse og personretta tenesteyting

*Fødetilbod, tuberkulosekontroll og tilbod til rusmiddelavhengige etter sosialtenestelova var prioriterte område for landsdekkjande tilsyn i 2004. I Hordaland blei det gjennomført tilsyn med to fødeinstitusjonar, kommunehelsetenesta i tre kommunar og sosialtilbodet i tre kommunar. Fylkesmannen gjennomførte spørjeundersøking om samordning mellom Aetat, trygdeetat og sosialtenesta og om brukarmedverknad i arbeidet med Opptrappingsplanen for psykisk helse i kommunane.*



### Tilsyn med fødeinstitusjonar

Det landsdekkjande tilsynet med fødeinstitusjonar i 2004 blei gjennomført etter oppdrag frå Statens helsetilsyn og omfatta kvinneklinikk, fødeavdeling og fødestove i kvar helseregion. I ansvarsområdet for Helsetilsynet i Hordaland blei det gjennomført tilsyn med Kvinneklinikken på Haukeland universitetssjukehus, Kvinne/barn-klinikken på Haugesund sjukehus og Fødestova på Odda sjukehus.

Dei fødeinstitusjonane som det blei ført tilsyn med, har lagt til rette for at verksemd og tenester skal vera forsvarlege, og fødande kvinner blir viste til rett kompetansenivå. Alle institusjonar bør øva på handtering av uventa og akutte situasjonar. Fleire av dei bør få betre praksis for å nedteikna vurderingar og tiltak. I vår helseregion er det ulik tilgang på erfarne fødselslegar, og det verkar inn på fødetilbodet. Dei fleste institusjonane kan bli betre til å bruka resultatdata til systematisk evaluering, forbetring og styring av eiga verksemd. Rapportar frå tilsyna og oppsummeringsrapporten frå Statens helsetilsyn er tilgjengelege på [www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no).

### Tilsyn med helsetenester til asylsøkjjarar, flyktingar og familiesameinte

I tre kommunar blei det ført tilsyn med helsetenester til asylsøkjjarar, flyktingar og familiesameinte frå land med høg førekomst av tuberkulose. Målet var å sjå om kommunane hadde lagt til rette for at dei får nødvendige og forsvarlege helsetenester.

Tuberkulosekontroll blir ikkje alltid gjennomført innan tidsfristen fordi kommunane får mangelfull informasjon frå transittmottak eller fordi rutinar for arbeidet ikkje er gode nok. Rutinane for å senda opplysningar om resultat av tuberkulosekontroll når folk flyttar, kan bli betre.

Gravide får nødvendig helsehjelp også i tida før dei får tildelt fastlege. Ikkje alle får tilbod om undersøking for annan allmennfarleg smittsam sjukdom innan forsvarleg tid. Det er heller ikkje alle som får informasjon om helsetenesta og tilbod om undersøking før dei får fastlege. Helsetenesta tilbød støttesamtalar til personar med psykisk sjukdom og samarbeidde med psykiatrisk sjukepleiar om oppfølging av einskildpersonar. Kommunane har lagt til rette for at asylmottaka oppfyller krava i forskrifta om miljøretta helsevern.

### Tiltaksplan mot fattigdom og Handlingsplan mot rusmiddelproblem

I samarbeid med Husbanken arrangerte Fylkesmannen ein bustadpolitisk konferanse over to dagar med 140 deltakarar frå kommunane. Rettleiarbanken, som blei etablert i samband med handlingsplanen Kunnskap og brubygging, er ajourført og lagt på nettet. 22 fagleg godkjende rettleiarar deltok på fagdag om «Hva skjer i prosessen mellom veiland og veileder?»

Tre av dei fire faglege foruma som blei etablerte i samband med Kunnskap og brubygging, er i aktivitet og fekk stimuleringsmidlar i 2004. Stimuleringsmidlar blei og gjeve til Forum for sosialsjefar i Bergen. Løyvingane var knytte til arbeidet med rusrelaterte tema, bustadsosialt arbeid og Stortingsmelding nr. 14 (2002-2003) om Samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten.

Bergen kommune fekk tilskot til kompetanse-utviklingsprogram om individuell plan for brukarar med langvarige og samansette behov. 36 sosialleiarar deltok på todagarssamling om Stortingsmelding nr. 14, nytt kartleggingsverktøy i sosialtenesta (KIS), Ny nasjonal kvalitetsstrategi og satsinga ...og betre skal det bli! På det rusfaglege feltet blei det i 2004 starta ei ny prosessgruppe for erfarne saksbehandlarar om legemiddelassistert rehabilitering (LAR) med 29 deltakarar.

### **Tilsyn med sosiale tenester etter sosialtenestelova til rusmiddelmissbrukarar**

Fylkesmannen utførte i 2004 systemtilsyn med heilskapen i dei kommunale tenestene til rusmiddelmissbrukarar i tre kommunar. Ut over dette behandla vi klagar over kommunale einskildvedtak som gjaldt tilbod og tenester etter sosialtenestelova kapittel 4, 5 og 6.

### **Samordning av Aetat, trygdeetat og sosialteneste**

I mars 2004 gjennomførte Fylkesmannen seks regionale konferansar om tverrretatleg samarbeid med fokus på retten til individuell plan og retten til realkompetansevurdering med til saman 260 deltakarar. Sandviken sosialkontor i Bergen fekk tilskot til felles fagdag med Aetat og trygdeetat om samarbeid og Stortingsmelding nr. 14, og kommunane i Nordhordland fekk tilskot til utvikling av det tverrretatlege samarbeidet med Aetat og trygdeetat.

Fylkesmannen innhenta svar på spørjeundersøkinga om samordning mellom Aetat, trygdeetat og sosialtenesta og samanfatta svara for Hordaland.

### **Helsefremjande og førebyggjande tiltak**

Fylkesmannen har på ulike vis engasjert seg i folkehelsearbeidet gjennom eigne arrangement, i tilsyn med kommunar og verksemder og med initiativ til særlege prosjekt i samarbeid med andre.

#### **Førebygging av rusksadar – manglande samanheng mellom kunnskap og tiltak**

Dei lovpålagde kommunale alkoholpolitiske handlingsplanane blei drøfta på møte for helsepersonell og andre i november. Hovudproblemet er først og fremst den gjennomgåande mangelen på politisk koordinering av skjenkepolitikken og handlingsplanen for å førebyggja skadar av alkohol- og andre rusmiddel i befolkninga.

#### **Fredeleg overgang til røykfrie serveringsstader**

Frå 1. juni 2004 er alle kafear og restaurantar i Noreg røykfrie. Fylkesmannen og Miljøvernetaten i Bergen kommune har samarbeidd om å spreia informasjon om korleis det nye lovverket skal tolkast og etterlevast. Det kom berre ein klage på kommunalt vedtak etter dette lovverket.

#### **Vellukka samarbeid med Bergen og Odda om fysisk aktivitet og måltid i skulen**

I 2004 fekk 18 skular frå Bergen og Odda bli med i Prosjektet Fysisk aktivitet og måltid i skulen 2004 – 2006. Dei fekk statlege prosjektmidlar for inneverande skuleår. Målet er å sikra elevane minst ein times fysisk aktivitet om dagen og at dei nasjonale retningslinene for skulemåltidet blir fylgde. Erfaringane så langt gir grunn til å tru at måla alt er innfridde for desse skulane.

#### **Samarbeid om tiltak for barn og unge og universell utforming av tilbod**

Folkehelse handlar om å leggja til rette for at flest mogleg skal kunna vera deltakarar. Ein føresetnad for at folkehelse skal få fotfeste politisk og administrativt i kommunar og fylkeskommunar, er at folkehelse inngår i sentrale plan- og avgjerdsprosessar. Fylkesmannen har i 2004 arbeidd systematisk med å integrera folkehelseperspektivet i tilbagemeldingar til kommunane i samband med oppstartmeldingar og høyringar på kommuneplanar og kommunedelplanar.

### **Seksuell helse**

I Hordaland har det dei siste åra vore ein klar nedgang i talet på tilfelle av dei meldepliktige seksuelt overførte infeksjonane aids, gonoré, hepatitt, hiv og syfilis. Viruslaboratoriet på Haukeland universitetssjukehus fann 1 566 positive av 22 829 prøver for klamydia. Nesten 90 % var i aldersgruppa 15 – 29 år.

Fylkesmannen har eit delansvar for å følgja opp handlingsplanane mot hiv og andre seksuelt overførte infeksjonar (SOI), handlingsplan mot uønskte svangerskap og abort og handlingsplan mot kjønnslemlesting. Dette skjer mellom anna ved regelmessige seminar for helsepersonell, lærarar og skuleelevar.

### **Kommunalt smittevern**

I januar 2005 har 20 kommunar i Hordaland smittevernplan etter gjeldande regelverk. I fem kommunar er planane under revisjon, medan åtte har planar som er godkjende utan å vere oppdaterte etter endringane i regelverket som kom i 2003.

Tilsyn med infeksjonskontroll i sjukeheimar i 2004 viste at det systematiske arbeidet på dette området var kome relativt kort. Praxis er ofte betre enn det som blir kravd skriftleg dokumentert. Kommunane har ofte ikkje klargjort kva ansvar og oppgåver sjukeheimslegane skal ha, og legane er sjeldan trekte inn i dette arbeidet.

### **Opptappingsplanen for psykisk helse**

Fleire enn før søkjer om og får hjelp i psykiatrien og i kommunane. Kapasiteten i kommunane er blitt betre, og tenestene blir gradvis desentraliserte og meir tilgjengelege. Men det er langt igjen før alle får det dei har behov for. Dei kommunale tilboda er framleis i ein oppbyggingsfase, og samarbeidet mellom ulike etatar må bli betre. Det same gjeld oppfølginga av einskildpersonar. Det er for tidleg å seia at det er likeverdige tenestetilbod uavhengig av bustadkommune, og det er heller ikkje eit likeverdig samarbeid mellom tenesteytarar, brukarar og pårørande.

### **Brukarmedverknad**

Ei kartlegging om brukarmedverknad sommaren 2004 viste at berre ein tredjedel av kommunane hadde kartlagt behovet for individuelle planar for barn og unge med psykisk sjukdom. To kommunar mangla oversikt over behovet for individuelle planar for vaksne. I dei kommunane som hadde laga slikt oversyn, var det langt att til alle som hadde rett på individuell plan, faktisk fekk det. 29 kommunar med til saman 97,2 % av innbyggjarane i Hordaland deltok i kartlegginga.

### **Syssetjing og bustader**

Mange kommunar har engasjert seg i arbeidet med tilrettelegging av arbeidsplassar og syssetjing for personar med psykiske problem, delvis i samarbeid med Aetat. 2004 var det siste året Husbanken gav tilsegn om lån til nye bustader, og i alt er det gjeve tilsegn om 350 bustader i Hordaland.

### **Kompetanseheving**

I 2004 fekk 28 personar støtte til vidareutdanning i psykisk helsearbeid gjennom løyvingar til kommunane. Om lag 170 000 kroner i året går til etterutdanning. Det meste av desse midlane har gått til distriktpsykiatriske senter og andre delar av psykiatrien som etter avtale med Fylkesmannen har arrangert kurs for å heva psykiatrikompetansen i kommunane.

### **Rekruttering for betre kvalitet**

Fylkesmannen kanaliserte i stor grad innsatsen for rekruttering av helse- og sosialpersonell inn i ei ressursgruppe med representantar frå Kommunenes Sentralforbund, Norsk sjukepleiarforbund, Fagforbundet i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Høgskolen i Bergen. Målet har vore å stimulera til innsats, og å samordna innsatsen til dei ulike instansane. Dei største utoverretta tiltaka var dei to konferansane ... og betre skal det bli! med 189 deltakarar og Saman om betre praksis i utdanninga med 143 deltakarar.

## Barn, oppvekst og utdanning

*Rettstryggleiken til barn i institusjonar har stått sentralt i tilsynsarbeidet, og Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med 24 private og offentlege institusjonar i 2004. Det blei løyvt 28,7 millionar til barnehageutbygging. Pengane er brukte både til nye bygg og ombygging av eksisterande lokale. Sentralt i arbeidet med skuleverket var tilsyn med lærings- og oppvekstmiljø, elevrettar og etablering av nasjonalt kvalitetsvurderings-system med mellom anna nasjonale prøver.*



Foto: Victor Jensen

### Strategiplan for barn og unges psykiske helse

#### Rett tiltak til rett tid

Rett tiltak til rett tid er eit samarbeidstiltak mellom barne- og ungdomspsykiatrien og tilsette i vidaregåande skular og skulehelsetenesta. Den overordna målsetjinga er å medverka til å førebyggja psykisk sjukdom blant ungdom gjennom kompetanseoppbygging. Regionsenteret for barn og unges psykiske helse leiar prosjektet, og representantar for Fylkesmannen, Psykiatrisk divisjon i Helse Bergen HF og Hordaland fylkeskommune utgjer styringsgruppa. Prosjektet blir prøvd ut i skuleåret 2004 – 2005. Betanien og Voss barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikk har ansvaret for undervisning og rettleiing av skule- og helsepersonell. Sluttrapporten skal ligga føre i løpet av første halvår 2006.

### Rettstryggleik for barn i institusjonar

Fylkesmannen skal føra tilsyn med at barneverninstitusjonar blir drivne i samsvar med barneverntenestelova og forskriftene til denne lova. I tilsynet skal fylkesmannen sjå til at barna får forsvarleg omsorg og behandling i institusjonen. Vidare skal tilsynet sjå til at barna blir behandla omsynsfullt og med respekt for integriteten til kvar einiskild. Fylkesmannen skal vera merksam på alle forhold som har noko å seia for barnas utvikling, trivsel, velferd og rettstryggleik.

Ved utgangen av 2004 var 24 private og offentlege institusjonar fordelte på 52 einingar omfatta av dette tilsynet i Hordaland. Rettstryggleiken for barn i institusjon blei følgd opp gjennom tilsyn med fokus på kvart einiskild barn (individtilsyn), tilsyn med at institusjonane fører kontroll med eiga verksemd (systemrevisjon) og landsdekkjande tilsyn med korleis kommunane følgjer opp barn som er plasserte utanfor heimen.

#### Individtilsyn i barneverninstitusjonar

Det blei utført 116 individtilsyn i institusjonar i Hordaland i 2004. Dette er 95 % av forskriftskravet. 41 av tilsyna var ikkje varsla på førehand. I samtale med barn og tilsette freistar tilsynet å sikra at krava i forskrift om rettar og bruk av tvang under opphald i barneverninstitusjon blir innfridde. Det blir ført kontroll med at plasseringskommunen har gjort lovleg vedtak for opphaldet, og at kommunen i tillegg har utarbeidd plan for barnets opphald i institusjonen (tiltaksplan, omsorgsplan). Tilsynet stiller krav til at institusjonen dokumenterer at dei for kvart barn har utarbeidd handlingsplan for opphaldet.

Tilsynet gav 17 avvik og 19 merknader til institusjonar i Hordaland. I hovudsak var avvika og merknadene knytte til brot på rettighetsforskrifta. Barna blir gjort kjende med tilsynet gjennom besøka og ved utdeling av informasjonsbrosjyre. Dei blir oppmoda om å ta direkte kontakt med Fylkesmannen om det er forhold ved opphaldet dei vil klaga på.

### **Systemrevisjon i institusjonar**

Det blei gjennomført seks slike systemrevisjonar i barneverninstitusjonar i Hordaland i 2004. På oppdrag frå Barne- og familiedepartementet har Fylkesmannen i Hordaland arbeidd med opplæring og utarbeiding av rettleiingsmateriale for andre embete i denne metoden.

### **Tilsyn med kommunane si oppfølging av barn som er plasserte utanfor heimen**

Som del av eit landsdekkjande tilsyn gjennomførte Fylkesmannen ei spørjeundersøking i alle kommunane og i bydelane i Bergen og systemrevisjon i tre kommunar. Emne for undersøkinga og tilsyna var kommunen si oppfølging av barn som var plasserte utanfor heimen. På oppdrag frå Barne- og familiedepartementet har Fylkesmannen i Hordaland laga spørjeskjema og rettleiingsmateriale til det landsdekkjande tilsynet.

### **Barnehageutbygging i 2004**

Som ledd i Regjeringa si satsing på full barnehagedekning inviterte Husbanken, Regionkontor Bergen og fylkesmennene i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane til barnehageseminar 24. september i Bergen. Målgruppa var kommunar og private som ville etablere barnehage i eksisterande bygg eller nybygg. Det kom 100 deltakarar.

Totalt betalte Fylkesmannen ut 955,8 millionar i investeringstilskot og driftstilskot til barnehagane i Hordaland. Investeringstilskotet til nyetablerte private og kommunale barnehagar i 15 kommunar utgjorde 28,7 millionar. Om lag 13 millionar gjekk til prosjekt der eksisterande barnehage var i så dårleg stand at det måtte byggjast ny som erstatning. I underkant av 13 millionar gjekk til nybygde barnehagar eller til ombygging av lokale til barnehageføremål. Dei resterande midlane blei utbetalte til påbygg til eksisterande barnehagar.

Det er ikkje mogeleg med grunnlag i samla utbetalt investeringstilskot å rekna ut kor mange nye plassar som blei oppretta i Hordaland i 2004. Data-grunnlaget for talet på nyetableringar vil ligga føre i mars 2005.

### **Oppfølging av nasjonale mål for grunnopplæringa**

Den viktigaste oppgåva har vore å rettleia skuleeigarane om ansvaret deira i høve til lover og forskrifter og føra tilsyn med at dette ansvaret blir oppfylt. Vi har nytta eit breitt spekter av verkemiddel i rettleiingsarbeidet; jamlege møte med skuleansvarlege, konferansar for politisk og administrativ leiing og samarbeidsgrupper på særskilt prioriterte område. I tillegg kjem informasjonskanalar som nettstad og telefon.

Dei sentrale områda dette året har vore lærings- og oppvekstmiljø, elevrettar, nasjonalt kvalitetsvurderingssystem med mellom anna ny forskrift om nasjonale prøver, etablering av nettstaden skoleporten.no, ny læreplan og strategi for kompetanseutvikling.

### **Tilsyn med heimel i Opplæringslova**

#### **Rett til gratis grunnopplæring**

Vi har ikkje utført tilsyn direkte og har heller ikkje hatt klagar etter Opplæringslova § 2-15 i 2004, men har informert og rettleia kommunar og brukarar om retten til gratis opplæring i grunnskulen.

#### **Rett til grunnopplæring for vaksne**

Retten til grunnopplæring for vaksne (§§ 4a-1 og 4a-3) dreier seg for det meste om vidaregåande opplæring. Gjennom dialogbasert tilsyn har vi teke dette opp direkte med fylkeskommunen som melder at dei følgjer dette opp både når det gjeld realkompetansevurdering og tilbod om vidaregåande opplæring. Vi har også teke opp retten til fjerde og femte skuleår i vidaregåande opplæring.

#### **Rett til spesialundervisning**

Gjennom klagebehandling og direkte dialog med kommunane har vi følgd opp § 5-1 i Opplæringslova. Med grunnlag i klagebehandlinga hadde vi ein gjennomgang av saksbehandlinga i tre kommunar. Vi har i tillegg gjennomført tilsyn med Hunstad statlege spesialskule om korleis rettane i Opplæringslova med hovudvekt på §§ 2-6 og 5-1 blir sikra.

### **Organisering av elevane i grupper**

På oppdrag frå Utdannings- og forskingsdepartementet blei det ført tilsyn med 20 kommunale skular i høve til om gjennomsnittleg gruppestorleik til ordinær undervisning var større enn det dei tidlegare klassesdelingsreglane gav som maksimal undervisningsgruppe (§ 8-2). Det blei påvist feil i data i Grunnskulens informasjonssystem (GSI) for 15 skular. I hovudsak var dette feilføring som relaterte seg til omlegginga i GSI hausten 2003. På tilsynstidspunktet blei det ikkje funne avvik på nokon skule.

### **Elevane sitt skulemiljø**

Fleirtalet av desse sakene dreier seg om det psykososiale miljøet. Det er registrert ei sak som gjeld reinhald. Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med fire kommunar og to frittstående skular med utgangspunkt i § 9A-3 (det psykososiale miljøet). I tillegg har vi hatt direkte dialog med kommunar i samband med klagebehandling. Gjennomgåande viser det seg at utfordringa for kommunane går på å behandla saker som enkeltvedtak og på å involvera rådsorgana og ha eit systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremja helse, miljø og tryggleik. Kommunane har likevel stort sett ein beredskap for å takla uønskt åtferd. Fleire skular har tiltak mot mobbing.

### **Rapportering og evaluering av opplæringsverksemda**

Det blei i 2004 gjennomført tilsyn med to kommunar i høve til kap. 2 og § 13-10, 2. ledd i forskriftene til Opplæringslova. I tillegg blei data frå tilstandsrapporteringa om kvalitetsvurdering oppsummert og nytta i dialog med kommunane.

### **Tilsyn med heimel i Friskulelova**

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn etter § 2-4 med lokale og uteareal i 13 av dei frittstående skulane. Vi har ikkje hatt tilsyn med spesialundervisning og PP-teneste i høve til § 3-6. Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med budsjett, rekneskap og revisjon etter gjennomgang av rekneskapen ved ein skule, jf § 7-1 i lova. Tilsynet resulterte i to pålegg. Vi har også gjennomgått budsjett og rekneskap for alle frittstående skular. Vidare har vi sett på søknads- og inntaksskjema til skulane og har pålagt ein skule å endra skjema.

### **Opplæring innanfor kriminalomsorga**

Fylkesmannen kom med tilråding om korleis den forskingsbaserte evalueringa skulle følgjast opp. Justisdepartementet ved den sentrale forvaltninga i kriminalomsorga gav i mars 2004 skulane i lukka fengsel, under gjevne føresetnader, løyve til å bruka internett og e-post. Fylkesmannen i Hordaland har i denne samanhengen ansvaret for å utvikla ein nasjonal brannmur som skulane i fengsla kan knyta seg opp mot. Arbeidet med den nordiske rapporten Å lære bak murene, som blei støtta av Nordisk Ministerråd og administrert av Fylkesmannen, blei avslutta med eit nordisk seminar i mars 2004. Nordisk Ministerråd gjorde i oktober vedtak om å gje støtte til å omsetja rapporten til engelsk.

## Regional planlegging og arealpolitikk

*I samsvar med kommunaliseringa av jordbruksforvaltninga utarbeidde fylkeslandbruksstyret ein ny arealforvaltningsstrategi, Kampen om areala. Mange av Fylkesmannens motsegner til lokale planar og dispensasjonssaker gjaldt vern av strandsona.*




Foto: Svein A.Tvedten

### Overføring av oppgåver til kommunane

På grunn av overføringa av arbeidsoppgåver til kommunane har fokus i arbeidet blitt endra i samsvar med dei vedtekne lovendingane. Dette har ført til auka satsing på dialog med og informasjon til kommunane. I 2004 gjennomførte vi 24 møte med kommunane som ikkje var direkte knytte til behandling av einskildsaker, men der formidling av nasjonal arealpolitikk og informasjon om reglar og mottak av kommunale synspunkt stod på saklista.

Frå og med 2004 blei store delar av saksporteføljen til fylkeslandbruksstyret overført til kommunane. Dette førte til at fylkeslandbruksstyret i all hovudsak blei ein klageinstans for kommunale vedtak etter jordlova, konsesjonslova og odelslova. I tillegg fungerer fylkeslandbruksstyret som ein viktig uttaleinstans etter plan- og bygningslova. Fylkeslandbruksstyret handsama 80 saker i 2004.

### Flest motsegner mot ulovleg bruk av strandsona

Fylkesmannen handsama 1 580 plansaker i 2004. 1 050 av dei var dispensasjonssaker. Fylkesmannen har påklaga 48 dispensasjonsvedtak. 32 av dei var innanfor hundremetersbeltet langs sjøen. Fylkesmannen leverte motsegn til 46 planar, ti av dei var kommune- og kommunedelplanar. Av dei 36 reguleringsplanane som det blei fremja motsegn til, var 25 motsegner til arealbruk i strid med nasjonal og regional arealpolitikk i strandsona.

## Naturressursforvaltning – miljø og landbruk

*Opninga av Folgefonna nasjonalpark er planlagt til 14. mai 2005. Førebuing av dette vernetiltaket har vore eit prioritert arbeidsfelt for Fylkesmannen i Hordaland i 2004. Naturvernet har elles vore prega av forvaltning og skjøtsel av etablerte verneområde. Verving av villaksen har og kravd store ressursar dette året.*



Foto: Miljøvernavdelinga

### Folgefonna nasjonalpark

Fylkesmannen har i 2004 oppsummert merknadane frå lokal høyring av framlegget til Folgefonna nasjonalpark og oversendt eit revidert verneframlegg til Direktoratet for naturforvaltning. Fylkesmannen har delteke aktivt med registrering og kartlegging av landbruksinteresser i samband med verneplan for Folgefonna nasjonalpark. Dette har skapt ein god balanse mellom nærings- og verneinteressene i prosessen.

### Verneområde og utvida skogvern

Med unntak av marin verneplan, der ein avventar formell oppstartsmelding, er Hordaland ferdig med alle tematiske verneplanar. Naturvernarbeidet i fylket har såleis fokus på forvaltning og skjøtsel av etablerte verneområde. Etter initiativ frå Riksrevisjonen er alle eksisterande verneområde evaluerte med omsyn til direkte og indirekte trugsmål.

I 2004 har Fylkesmannen samarbeidd med Opplysningsvesenets fond for å kjøpa av deira skogs- og utmarksareal. Eigedomane skal fordelast til aktive gardbrukarar i fylket.




## Vern av villaksen

Forvaltninga av villaksen har også i 2004 vore mest konsentrert om problema med lakselus og rømt oppdrettslaks. Det blir framleis lagt mest vekt på å verna dei viktige og truga laksestammene i Hardanger og å generera tiltak og forskning for å redde restane av laksestammen i Vosso.

Hausten 2004 fekk vi ein god del ekstraarbeid i samband med nokre store rømingar av laks i Sunnhordland. Det måtte leggjast til rette for gjenfangst, og det blei nødvendig å samla inn prøver og andre data for å dokumentera problema dette skapte. Talet på vassdragsutbyggingsaker der vi måtte uttala oss til fordel for villaksstammene i Hordaland, har auka.

## Status for kartlegging av biologisk mangfald i Hordaland pr. 1. feb. 2005

	Ferdige t.o.m. 2003	Ferdige 2004	Ferdige t.o.m. jan. 2005	Att- stående
Vilt	15	9	26	7
Naturtypar	13	3	19	14



**Kartlegging av naturtypar**  
Status pr. 1. feb. 2005

- Fullført
- Under arbeid


## Dokumentasjonen av biologisk mangfald og geografiske miljødata

Kartlegginga av både vilt og naturtypar går framover og blir fullført i 2005. Det har òg blitt gjennomført supplerande kartlegging i Fedje, Austrheim, Stord og Fitjar i 2004 og noko "opp-rydding" i naturtypar i kulturlandskapet i Austevoll og Tysnes der kartlegginga ikkje er tilfredsstillande gjennomført.

## Landsdekkjande kontrollaksjonar

Fylkesmannen har delteke i fire landsdekkjande kontrollaksjonar i regi av Statens forureiningstilsyn (SFT). 33 av dei gjaldt trykkimpregnert trevirke, 16 kjemisk overflatebehandling, 28 kommunale mottak for farleg avfall og åtte forhandlarar av elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt). Ved desse aksjonane blei det gjennomført til saman 85 inspeksjonar.

I tillegg er det gjennomført 24 inspeksjonar og ein systemrevisjon på andre felt der fylkesmannen er forureiningsstyresmakt. Vi brukte 75 vekeverk på forureiningstilsyn i 2004 mot 64 året før.



**Viltkartlegging**  
Status pr. 1. feb. 2005

- Fullført
- Under arbeid

## PCB og andre miljøgifter

Arbeidet med Tiltaksplanen Bergen havn fase II er venta gjennomført i løpet av våren. Ein rapport frå Noregs geologiske undersøkingar om kartlegging av PCB-kjelder på land er snart ferdig, og undersøkingar og modellutrekningar av spreining av forureining i sjø frå kjelder frå land er i gang.

Når det gjeld opprydding i Vågen, peikar Riksantikvaren i eit notat på at Vågsbunnen er blant Nordens viktigaste marinarkeologiske område. Opprydding her krev heilt spesielle teknikkar. Det blir foreslått å setja i gang eit prøveprosjekt for å prøva ut ulike måtar å uskadeleggjera sedimenta på utan å skada historisk viktige gjenstandar.

Arbeidet med kartlegging av DDT-kjelder langs Sørfjorden heldt fram i 2004, og ein rapport vil bli lagt fram i 2005. Det er gjennomført intervju med fruktbønder utan at vi har funne sikre kjelder, og nokre undersøkingar i sjø og på land er gjennomførte. Det er venta at eit større prosjekt vil bli sett i gang i løpet av 2005 for å fullføra kartlegginga. Både SFT og landbruksstyresmaktene støttar ein slik tanke.

Prosjektet Grunnforureining 2005 er snart fullført. To av 11 grunnforureiningsområde står att før målet om undersøking og tiltaksvurdering er nådd. Utfasing av PCB-haldig armatur vil bli kontrollert i 2005.

## Kulturlandskap og bioenergi

Hordaland var eitt av pilotfylka på utvikling av regionalt miljøprogram for jordbruket i 2004. Målet med programmet er å utvikla økonomiske verkemiddel for å møta dei regionale miljøutfordringane i jordbruket.

I utforminga av programmet har vi involvert samarbeidspartnarar som kommuneadministrasjon, kommunale politikarar, fagлага og fylkeskommunen. Programmet har vore diskutert i fylkesutvalet og vore på høyring i kommunane og miljøvernorganisasjonane.

Hordaland fylke har utvikla det regionale miljøprogrammet som i alt omfattar sju tilskotsordningar. I utvikling av rettleiingsmateriell som blei sendt til gardbrukarane, blei det lagt vekt på ein god presentasjon av dei ulike ordningane. For Hordaland fylke utgjer programmet til saman 16,9 millionar kroner.

Attgroing av kulturlandskapet er eit aukande problem, og gjennom Prosjekt Beitelandskap har Fylkesmannen prøvd å setja fokus på dei lokale ressursane beiteareala er i vår landsdel. Vi treng gode modellar for samarbeid om fellesbeite, rydding og næringsutvikling knytt til lauvskog. Dette prosjektet er eit felles løft for å sikra ein levedyktig mjølkeproduksjon og eit framtidsretta storfehold i Hordaland.

Bioenergi er eit satsingsområde i landbruket. Fylkesmannen og Innovasjon Noreg har samarbeidd om støtte til lokale initiativ der bioenergi blir brukt til oppvarming av større bygg. Føresetnaden er at dei lokale aktørane har etablert ein konkret dialog med interesserte byggeigarar. Prosjekt der bønder med skog går inn som ferdigvarmeleverandør blir prioriterte framfor prosjekt der skogeigarane berre leverer brensel. Hordaland har berre ein produsent av biobrensel, og bruken av bioenergi er liten utanom vedfyring.

Hordaland skal vera pilotfylke for areal-differensiering. Fylket har ein pressa arealsituasjon som gjer det nødvendig å tenkja langsiktig. Kommunane må kartleggja arealressursane sine og utpeika kjerneområde for jordbruk og kulturlandskap. Arbeidet med arealdifferensiering er godt i gang i Hordaland.

## Utvikling og verdiskaping

*I 2004 blei Fagforum Inn på tunet Hordaland skipa. Prosjekt Trivselsgrenda blei avslutta og blir følgt opp av ein konferanse om bulyst i 2005. Småskala reiseliv, matfestival i Bergen og ungt entreprenørskap var mellom satsingsområda dette året.*



Frå matfestivalen

Foto: Victor Jensen

Prosjekt Gründergrupper blei og starta i 2004. Prosjekt Beitelandskap gav kunnskap om småfe, beite og attgroing. I 2004 sette Fylkesmannen og Innovasjon Noreg fokus på bioenergi mellom anna gjennom BioVoss og BioVaksdal.

### Vi satsar på mjølk

Tanken rundt samarbeid og bruksrasjonalisering var tema i landbruket i 2004, og det blei etablert eit prosjekt, Vi satsar på mjølk i samarbeid med samyrkeorganisasjonane, Innovasjon Noreg og næringsorganisasjonane i landbruket. Det har vore investert lite i nye bygningar til storfe dei siste 20 åra i Hordaland. Det har difor samla seg opp eit stort investeringsbehov. Mange storfehaldarar i Hordaland står no ved eit vegval. Anten å investera og halda fram, eller å avvikla. Prosjektet er eit fellesløft som må til for å sikra ein levedyktig mjølkeproduksjon og eit framtidsretta storfehald i Hordaland.

## Småskala reiseliv

Gjennom reisemålsutvikling og kompetanseheving i Småskala reiseliv styrker ein dei regionale og lokale aktørane gjennom å setja fokus på samhandling og tilby kompetanseheving og fag- og nettverkssamlingar. Fylkesmannen samarbeider med bransjeorganisasjonane og landbruksnæringa gjennom å delta i møte og i utarbeiding av felles planar og strategiar.

## Ungt entreprenørskap

Fylkesmannen medverka til gjennomføringa av Ungt Entreprenørskap og er ein del av dommarteamet i fylkesmeisterskapen. Fylkesmannen har fått eit særskilt ansvar for Ungt entreprenørskap på matsida gjennom eit eige prosjekt.

## Inn på tunet

Fagforum Inn På Tunet Hordaland blei skipa i november. Om lag 60 tilbydarar i Hordaland går under Fagforum Inn På Tunet Hordaland. I 2004 arrangerte fylkesmannen i fleire fylke saman med Noregs landbrukshøgskole på Ås vektalskurs for Inn på tunet. Det er stor interesse for å utvikla næringar innan Inn på tunet, og både rettleiing og kompetanse blir etterspurd frå etablerarane og kjøparane.

## Eg fann, eg fann

I 2004 gjennomførte vi Eg fann, eg fann i Hordaland saman med Innovasjon Noreg. Vi har arbeidd med å få fram gode idear og prosjekt i fylket retta mot verdiskapingsprogramma og andre bedriftsretta verkemiddel.

Fylkesmannen satsa på kompetanseoppbygging gjennom BI-kurset Entreprenørskap i fokus. I tillegg blei prosjekt Gründergrupper starta. Det skal gjennomførast i 2004 - 2005 saman med Innovasjon Noreg. Hordaland skal vera pilotfylke, og prosjektet er styrt av Innovasjon Noreg i Oslo.

Fylkesmannens prosjektleiar på matområdet gjennom mange år blei fast tilsett i 2004. På den måten har vi teke inn over oss behovet for og nytten av matkompetanse som vi ser er verdifull for mange av våre satsingar.

## Matfestival og lokale merkevarer

På matområdet var fokus retta mot den store matfestivalen i september. Satsinga dette året var spesiell fordi vi valde å flytta den tre dagar lange festivalen til Bryggen i Bergen. Engasjementet var stort, og næringsaktørane både frå Hordaland og Sogn og Fjordane fekk godt utbyte av dagane på Bryggen. Elles er kompetanse, nettverk og rettleiing på marknadssida viktige stikkord i dette arbeidet. Regionane byrjar no å profilera sine eigne merkevarer. I 2004 blei Hardangermeny starta opp og presentert. I tillegg har vi Hardangereple, Hardangerlam, Vossameny og Smak av Nordsjøløypa som viktige merkevarer som profilerer regionen dei kjem frå. Det har vore skipa til mange kurs om mat og matproduksjon, om slakting og produksjon av spekemat og pølser og om nedskjering, foredling, produktutvikling, marknadsføring og merkevarebygging.

## Tre i sentrum

Vi har etablert prosjektet Tre i sentrum i samarbeid med Innovasjon Noreg og ei ekstern styringsgruppe. Prosjekt som har kome opp, er mellom andre ulike utbyggingar i massivtre og annan spennande bruk av trevirke som i TreFestivalen. Dette arrangementet med 140 deltakarar var samstundes med Bønder i by'n. Vi gjennomførte også ein studietur til Trondheim og Svartlamoen med 13 deltakarar, og det er etablert kontakt med byrådet i Bergen for oppfølging i 2005.

## Geografiske informasjonssystem (GIS)

Satsinga på geografiske informasjonssystem (GIS) internt har hovudsakleg handla om brukarstøtte i samband med lokale innsynsløysingar. Det gjeld mellom anna vedlikehald og oppdatering av Landbrukets GIS-system (LGIS), som særleg blir brukt i behandling av areal- og plansaker.

Nye avtalar med Kartverket har gjeve gode vilkår for lokal tilpassing av landbruksdatasett i forhold til andre grunndata. Kartdatabasen hos Fylkesmannen blir også oppdatert med data frå Geovekst. Geovekst er eit regionalt samarbeid for produksjon av kartdata i Hordaland der dei fleste større offentlege brukarar av kartdata deltek. I dette samarbeidet har vi no starta kartlegginga av dei to siste kommunane i fylket. Blant prosjekta som bruker geodata, har særleg Biletspelet, som blei avslutta hausten 2004, og Kartlegging av jordbrukets kjerneareal, som blei starta på same tid, kravd ressursar og data innan GIS. Desse prosjekta har samstundes synleggjort nytten av geodata i geografiske analysar.

## Samfunnstryggleik og beredskap

*Førebygging av epidemiar, forureining og naturulukker er mellom emna i den nye risiko- og sårbarheitsanalysen til Fylkesmannen. I planarbeidet har det vore ei viktig oppgåve å sjå til at beredskapsomsyna er ivaretekne i kommunane. Fylkesmannen har gjennomført fleire beredskapsøvingar saman med kommunane og andre samarbeidspartnarar i løpet av året.*



Ras i Mundheim

Foto: Espen Hammersland

### FylkesROS

Fylkesmannen har slutført ein risiko- og sårbarheitsanalyse for Hordaland (FylkesROS). Denne hadde som mål å avdekkja og førebyggja uønskte hendingar. Analysen fokuserer på epidemiar, farleg gods og akutt forureining, fiskeoppdrett, dyresjukdomar og landbruk, kraftforsyning, masseskadar, transportulukker og naturulukker. FylkesROS for Hordaland er eit resultat av godt tverrfagleg samarbeid mellom mange etatar og verksemder som har ei rolle, eit ansvar og ikkje minst kunnskap om arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

### Beredskapsomsyn i samfunnsplanlegginga

Gjennom arbeidet med kommuneplansaker (spesielt arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanar) og ved tilsyn legg embetet vekt på å sjå til at det blir teke beredskapsomsyn i samfunnsplanlegginga (BIS). Det har i dette høvet vore nødvendig å retta fleire motsegner mot kommunale planar. Beredskaps-eininga har hatt tilsyn med åtte kommunar.

### Beredskapsøvingar

Krisehandtering på lokalt og regionalt nivå er eit viktig område, og Fylkesmannen har gjennomført fleire øvingsamlingar for kommunale øvingsplanleggjarar som førebuing til neste Øving Hordaland som var i februar 2005. Vi har her lagt vekt på å finna hovudscenarium som er tilpassa risikoutfordringane i kommunane. I tida 13. – 18. april var Fylkesmannen saman med Bergen kommune og Bergens forsvarsforening hovudansvarleg for arrangementet Beredskapsdagane i Bergen. Dette var eit samarbeid mellom, og ei massemonstring av, ulike beredskapsetatar, frivillige organisasjonar og andre i Bergen og Hordaland.

Når det gjeld regional samordning og krisehandtering, har vi gjennomført det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet. I tillegg gjennomførte Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap øving av fylkesberedskapsrådet 3. september. I desember gjennomførte vi ei lita øving for kriseleiinga til Fylkesmannen i regi av Nasjonalt utdanningscenter for sivilt beredskap.

### Flodbølgekatastrofen i Asia

Fylkesmannen var involvert i beredskapsarbeidet etter tsunamien i Asia. Det blei raskt og effektivt etablert tenlege beredskapstiltak, mellom anna eit mottakscenter på Bergen lufthamn. Dette senteret var eit samarbeidstiltak mellom Bergen kommune, Politiet, Avinor, Sivilforsvaret og Fylkesmannen.

Foto: Jaro Hollan



## Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse  
Kaigaten 9

Postboks 7310  
5020 Bergen

Telefon 55 57 20 00  
Telefaks 55 57 20 09

[postmottak@fmho.no](mailto:postmottak@fmho.no)

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

[www.fmho.no](http://www.fmho.no)